

Luftfartstilsynet  
Postboks 243  
8001 Bodø

-- POSTADRESSE  
Statkraft Energi AS  
Postboks 200 Lilleaker  
0216 Oslo  
Norway

BESØKSADRESSE  
Lilleakerveien 6  
0283 Oslo

-- SENTRALBORD  
24 06 70 00

TELEFAKS:  
24 06 70 01

-- INTERNETT  
[www.statkraft.no](http://www.statkraft.no)

E-POST:  
[post@statkraft.com](mailto:post@statkraft.com)

-- ORG. NR.: NO-987 059 729

DERES REF./DATO:

VÅR REF.:

STED/DATO:

Høyanger 11.04.2023

## **B.1220 Sanering av kraftanlegg i Høyanger.**

Søknad om midlertidig konsesjon for helikopterplass ved Fjellvegen (kote 480 moh) og Ekrene i Høyanger kommune.

### **Om bakgrunn og forholdet til andre myndigheter**

Statkraft er gjennom konsesjon for etablering av dei nye kraftverka Makkoren (2012) og Eiriksdalen kraftverk (2013) blitt pålagt å rive utrangerte anlegg i Høyanger. Statkraft er og pålagt gjennom vassressurslova kap.7 Nedlegging av vassdragsanlegg §41 å fjerne vassdragsanlegg som ikkje lenger blir haldne ved like.

For 2 av desse anlegga, vil riving krevje omfattande bruk av helikopter.

Kraftstasjon K2, lokalisert ved Ekrene i Dalsdalen og opp mot Nova, med tilhøyrande rørgater, trallebane og trapper.

Kraftstasjon K1, lokalisert rett vest for Høyanger sentrum og oppover fjellsida, med tilhøyrande rørgater, trallebane, trapp, spillhus og transformator kiosk.

Overordna plan for miljø og landskap for rivingsarbeidet vart sendt NVE november 2023.

### **Søknad etter luftfartsloven**

Med henvisning til luftfartslovens § 7-5 søker vi om konsesjon for drift av 2 stk. landingsplassar for helikopter ved Fjellvegen (ca. kote 480 moh) og ved Ekrene i Dalsdalen.

Vi søker om løyve til å drifte helikopterlandingsplassen ved K1 for en periode på 12 månadar frå 01.05.24 til 01.05.25. Og helikopterlandingsplassen ved K2 for en periode på 17 månadar frå 01.05.24 til 01.10.25.

Antall bevegelser er berekna av konsulentfirmaet Norconsult til 16550 samla for heile perioden. Erfaringsmessig veit vi at det er vanskeleg å planlegge bruk av helikopter korrekt ned til kvar minste arbeidsoppgåve. Vi søker derfor om konsesjon på 18.000 bevegelser

Arbeidstid for helikopter:

Arbeid 5 dagar i veka, ikkje laurdag og søndag.

Arbeidstid vil være mellom 07:00 til 19:00.

Ein antek at det vil bli nytta helikopter frå Airlift AS som har base ved Bringeland i Førde.

I vedlegg vises kartutsnitt av dei aktuelle områda.

Både ved K1 og K2 går det stiar i nærområdet som er benyttet av lokalbefolkningen.

I traseen for helikopterflyging ved K1 ligg det spredt hyttebebyggelse, og nærmaste hytte ligg 228m i luftlinje frå helikopterlandingsplass.

I traseen for helikopterflyging ved K2 ligg det ingen private hytter i umiddelbar nærleik.

Entreprenøren har riggområder ved helikopterlandingsplassane.

*Vedlegg 1: Oversiktskart L-200*


*Vedlegg 2: K1 L-201*

*Vedlegg 3: K2 og Nova L-202*

*Vedlegg 4: Hjetlandsbassenget L-203*

Med venleg helsing  
for Statkraft Energi AS

Monica Tryti Dregelid



Assisterande prosjektleiar